



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - Scandic Sunnfjord Hotel og Spa</b>
<b>Møtedato</b>	<b>04.06.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

År 2019, 4. juni kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 13. mai 2019. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

**SENTERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Karen Marie Hjelmeseter  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Sande  
Erlend Haugen Herstad

**ARBEIDARPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Senea Sabanovic

**HØGRE:**

Noralf Distad  
Sonja Øvre-Flo  
Bjørn Hollevik  
Anne K. Lilleaasen

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**VENSTRE:**

Gunhild Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Marita Aarvik

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob André Sandal

**MILJØPARTIET DE GRØNNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Aleksander Øren Heen og Helen Hjertaas vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene 17 - 31/19 var sendt ut 22. mai 2019 og sakene 32 - 35/19 var sendt ut 24. mai 2019.

Etter framlegg frå Torbjørn Vereide, Ap, trefte fylkestinget samrøystes avgjerd om å gjere realitetsvedtak i saka «Saman for ei meir rettferdig nettleige», sjølv om saka ikkje stod på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 1. Saka fekk saksnummer 36/19.

Saklista vart deretter godkjend.

Sakene vart handsama i den rekkjefølgja som framgår under, med unntak av at sakene 34/19 og 35/19 vart handsama etter sak 31/19. Deretter handsama fylkestinget sakene 32/19, 33/19 og til slutt 36/19.

Ordførar i Førde kommune, Olve Grotle, helsa fylkestinget.

Ungdomspolitisk utval (UPU), v/leiar Marthe Teigen Refsnes, Lisa Horpen, Sofie Krumsvik og Mathilde Tjønneland, orienterte fylkestinget om arbeidet til UPU.

Fylkesordføraren heldt tale til fylkestinget. Det vart avvikla debatt etter fylkesordføraren sin tale.

Fylkestinget tok pause 4. juni kl. 18.35, etter sak 31/19, og heldt fram 5. juni kl. 09.00.

**SAK 17/19      Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018**

**VEDTAK:**

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2018 vert teken til vitande.
- 

**SAK 18/19      Selskapskontroll av VIGO IKS - rapport**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Trøndelag fylkeskommune og ber vår eigarrepresentant påsjå at selskapet ved styret:
    - a. overheld lov om interkommunale selskap når det gjelder utsending av sakliste og protokollering.
    - b. synleggjer risiko ved anskaffingar i selskapet sine strategiar og rutinar.
    - c. fortset med implementering av system for internkontroll og at handteringa av personvernopplysninga er i tråd med gjeldande lov og forskrift.
  2. Fylkestinget ber vår eigarrepresentant støtte forslaget i representantskapet om:
    - a. at styret evaluerer sitt eige behov for innhente nødvendig kompetanse i styrearbeidet for å møte framtidige utfordringar for selskapet.
    - b. at styret evaluerer selskapet sitt behov for å etablere eit permanent og breiare fagmiljø for å redusere behovet for konsulentbistand.
  3. Fylkestinget tek rapporten for øvrig til orientering
  4. Det vert lagt til grunn at kontrollutvalet i Trøndelag fylkeskommune føl opp vedtaket gjort av fylkestinget i eige fylke
- 

**SAK 19/19      Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune**

**VEDTAK:**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtek varianten av fagkomitéen sitt tilrådde vinnarforslag, med fargealternativ 6 (djup blå/sølv), til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

---

**SAK 20/19      Samarbeidsavtale om Distriktsmusikarordninga**

**VEDTAK:**

Revidert samarbeidsavtale om distriktsmusikarordninga med kommunane Førde, Gloppe, Leikanger og Lærdal vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg 1.

---

**SAK 21/19      Mobbeombod for barnehage og grunnskule - forlenging av ordninga**

**VEDTAK:**

Fylkestinget forlengar ordninga med mobbeombod for barnehage og grunnskule ut 2020.

-----

**SAK 22/19      Vitensenter - fylkeskommunal bruk**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår ei treårig rammeavtale med Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS frå skuleåret 2020-21.
2. Fylkesrådmannen får mynde til forhandle fram innhaldet i rammeavtalen innanfor ei økonomisk ramme på inntil kr 500 000,- per år.
3. Endringar i driftsbudsjettet som følje av avtalen må innarbeidast i økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune.

----//----

Fylkestinget fann samrøystes Ole Johnny Stubhaug og Senea Sabanovic inhabile til å ta del ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2, for Stubhaug sitt vedkomande og § 6 andre ledd for Sabanovic sitt vedkomande. Per Atle Kjøllesdal gjekk inn som varamedlem for Stubhaug.

-----

**SAK 23/19      Oppfølging av FT sak 25/16 - Arealbehov ved tannklinikkane i Florø og Sogndal**

**VEDTAK:**

1. Det vert arbeidd vidare med å skaffe nytt areal til ny tannklinik i Florø. Klinikken skal dimensjonerast for 6 behandlarrom og ha ei sentral plassering i Florø slik det går fram av saksutgreiinga. Fylkesutvalet får fullmakt til å godkjenne endeleg løysing.
2. Arbeidet med å planlegge og bygge ein ny tannklinik i Sogndal vert sett i gang. Klinikken skal dimensjonerast for 8 behandlarrom og etablerast på fylkeskommunal grunn på Fosshaugane slik det går fram av saksutgreiinga. Fylkestinget godkjenner kostnadsoverslaget på 23,5 mill. kr til prosjektet og 4 mill. kr til dentalteknisk innreiing av klinikken.
3. Endringar i drift- og investeringsbudsjettet vert å innarbeide i økonomiplan for 2020-2023 for nye Vestland fylkeskommune.

**SAK 24/19      Fv. 303 Seimsdalstunnelen - kostnadsoverslag**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget godkjenner eit kostnadsoverslag for prosjektet fv. 303 Seimsdalstunnelen på 318,5 mill. 2019-kr.
  2. Endringar i drifts- og investeringsbudsjettet som følgje av godkjent kostnadsoverslag for prosjektet vert å innarbeide i budsjett 2019, og i økonomiplan 2020-2023 for Vestland fylkeskommune.
- 

**SAK 25/19      Innføring av takst for nullutsleppskøyretøy - Førdepakken**

**VEDTAK:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune aksepterer at det vert innført bompengeavgift for nullutsleppskøyretøy i Førdepakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

---

**SAK 26/19      Kjøp av rutetenester med båt frå 1. mai 2022 - ekstra utgreiing**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Ved utlysing av kontraktar for nye båtruter, skal det inviterast til lågast mogleg utslepp på alle ruter. Utlysinga må organiserast slik at dei tilboda som totalt sett gjev best nytte/kostnad vinn fram. Både klima/miljø, økonomi og driftsopplegg skal vektleggast.
2. Rute mellom Florø-Måløy-Selje vert lyst ut i anbodet med opsjonar på utvida frekvens/pendlarrute.
3. Det skal leggast til rette for å kome i posisjon til statlege støtteordningar for nye klima- og miljøtiltak.

**Endringsframlegg:**

**Miljøpartiet Dei Grøne** gjorde framlegg om endra første setning i punkt 1:

Ved utlysing av kontrakter for nye båtruter skal det inviterast til nullutslepp/lågutslepp på alle ruter.

**Avrøyting:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 9 røyster frå Miljøpartiet Dei Grøne, Venstre, Høgre og Framstegspartiet. Framlegget vart såleis forkasta.

Fylkesutvalet si tilråding vart deretter samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Ved utlysing av kontraktar for nye båtruter, skal det inviterast til lågast mogleg utslepp på alle ruter. Utlysinga må organiserast slik at dei tilboda som totalt sett gjev best nytte/kostnad vinn fram. Både klima/miljø, økonomi og driftsopplegg skal vektleggast.
  2. Rute mellom Florø-Måløy-Selje vert lyst ut i anbodet med opsjonar på utvida frekvens/pendlarrute.
  3. Det skal leggast til rette for å kome i posisjon til statlege støtteordningar for nye klima- og miljøtiltak.
- 

**SAK 27/19      Søknad om finansiell deltaking i nytt hurtigbåttilbod mellom Florø Smørhamn Måløy**

**VEDTAK:**

Søknaden frå fellesnemnda for Nye Kinn kommune om medfinansiering av ny båtrute Flora – Smørhamn – Måløy vert støtta.

Finansiering som vist i tertialrapport 1/2019.

---

**SAK 28/19      Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru - stadfesting av vedtak**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget syner til vedtak i FT-sak 55/17 og stadfestar at prosjektet Ytre Steinsund bru skal realiserast som eit ferjeavløysingsprosjekt i samsvar med følgjande finansieringsplan:

Finansieringsplan i mill. 2019-kr

Prosjektkostnad	716,8
Avviksløying (10. pst)	71,7
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>
<hr/>	
Mva. refusjon	146,5
Fylkeskommunalt lån	639,0
<u>Sum</u>	<u>788,5</u>

2. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å gjere det endelege stadfestingsvedtaket om investeringsprosjektet når svar på søknad om ferjeavløysingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreligg.
  3. Eventuelle justeringar i driftsbudsjettet som følge av endeleg fastsetting av årleg ferjeavløysingsbeløp frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet vert innarbeidd i økonomiplanen til Vestland fylkeskommune.
-

**SAK 29/19 Rekneskap 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**VEDTAK:**

1. Avsettinga til ubunde disposisjonsfond i investeringsrekneskapen på kr 366 314 538,00 vert godkjent.
  2. Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2018 som syner;
    - a. kr 2 274 800 559,82 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 56 505 741,46, vert godkjent.
    - b. kr 1 080 842 140,12 i finansieringsbehov i investeringsrekneskapen og eit udekka/udisponert beløp på kr 0,00, vert godkjent.
  3. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2018 på kr 56 505 741,46 vert avsett til bufferfondet.
- 

**SAK 30/19 Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune**

**VEDTAK:**

Årsrapport 2018 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

---

**SAK 31/19 Tertiアルrapport 1/2019**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019**

- 1 Rammetilskotet vert auka med 52,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 29,400 mill. kr
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,075 mill. kr
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 24,826 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 19,641 mill. kr.
- 4 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 2,350 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 3,600 mill. kr  
Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert redusert med 3,000 mill. kr knytt til kostnadars ved samanslåingsprosessen  
Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert auka med 0,250 mill. kr knytt til tilskot til Redningsselskapet.  
Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,500 mill. kr*
- 5 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,910 mill. kr  
Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 1,645 mill. kr  
Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr  
Teneste 5590 Landsliner vert redusert med 0,735 mill. kr*

- 6 Fagskulen i Sogn og Fjordane får ei auka løyving på 0,469 mill. kr. Løyvinga vert dekka innafor tilgjengelege midlar på teneste 5540 Fagskulen.
- 7 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 27,450 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 15,000 mill. kr  
Teneste 7210 Fylkesvegferjer vert auka med 7,600 mill. kr  
Teneste 7322 Båt – ekspress – lokalruter vert auka med 4,850 mill. kr*
- 8 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,638 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert nytta til breibandsatsing i 2019.
- 9 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 45,650 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 7012 Bransjeretta satsing vert auka med 19,250 mill. kr  
Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 5,000 mill. kr  
Teneste 7600 Muséer vert auka med 21,400 mill. kr*
- Felles for alle søknadane må vere at dei er innanfor statstøtteregelverket og at prosjekta vert fullfinansierte. Fylkesrådmannen får i oppgåve å følgje opp søkerne innanfor rammene som er gjeve ovanfor.
- 10 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfondet med 5,808 mill. kr

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.

#### **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 7 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 8 vert teken til vitande.

#### **Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget viser til søknad frå Årdal teknologipark og ber om at denne vert vurdert fram mot 2. tertialrapport.

**Høgre og Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Løyvinga til breiband vert styrka med 10 mill NOK
2. Løyvinga til Njøs frukt- og bærssenter vert styrka med 2 mill NOK
3. Ramma til utbygging av hurtigladestasjonar vert auka med 2 millionar

Finansiering vert gjennom bufferfondet.

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd 8 mill til vidare breidbandsutbygging, finansiert frå bufferfondet.

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det settast av kr 140 millionar til finansiering av nettutbetring og nettilkopling gjeldande Guleslettene vindkraftverk. Beløpet takast frå aksjeportefølgen Sogn og Fjordane fylkeskommune beheld etter SFE-aksjefordeling til kommunane i fylket. Alternativt kan delar av midlane også takast frå utbyttet frå SFE for 2018.

**Avrøyting:**

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke.

Punkt 1 i framlegget frå Høgre og Venstre fekk 9 røyster frå Høgre, Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Framstegspartiet. Framlegget vart såleis forkasta.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 11 røyster frå Kristeleg Folkeparti, Høgre, Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Framstegspartiet. Framlegget vart såleis forkasta.

Punkt 2 og 3 i framlegget frå Høgre og Venstre fekk 7 røyster frå Høgre, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne. Framlegget vart såleis forkasta.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst frå Miljøpartiet Dei Grøne. Framlegget vart såleis forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedteken endring som vist over, vart deretter samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2019**

- 1 Rammetilskotet vert auka med 52,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 29,400 mill. kr
- 2 Lokale inntekter vert auka med 0,075 mill. kr
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 24,826 mill. kr og bruk av disposisjonsfond vert auka med 19,641 mill. kr.
- 4 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 2,350 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 4200 Administrasjon vert auka med 3,600 mill. kr  
Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert redusert med 3,000 mill. kr knytt til kostnadene ved samanslutningsprosessen  
Teneste 4600 Oppgåver utanfor ord. FK område vert auka med 0,250 mill. kr knytt til tilskot til Redningsselskapet.  
Teneste 4801 Juridisk honorar vert auka med 1,500 mill. kr*
- 5 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 2,500 mill. kr med slik fordeling:

*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,910 mill. kr  
Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 1,645 mill. kr  
Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr  
Teneste 5590 Landsliner vert redusert med 0,735 mill. kr*
- 6 Fagskulen i Sogn og Fjordane får ei auka løyving på 0,469 mill. kr. Løyvinga vert dekka innafor tilgjengelege midlar på teneste 5540 Fagskulen.
- 7 Sektorbudsjettet til samferdsle vert auka med 27,450 mill. kr med slik fordeling:

Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 15,000 mill. kr

Teneste 7210 Fylkesvegferjer vert auka med 7,600 mill. kr

Teneste 7322 Båt – ekspress – lokalruter vert auka med 4,850 mill. kr

- 8 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,638 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert nytt til breibandsatsing i 2019.

- 9 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 45,650 mill. kr med slik fordeling:  
Teneste 7012 Bransjeretta satsing vert auka med 19,250 mill. kr  
Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 5,000 mill. kr  
Teneste 7600 Muséer vert auka med 21,400 mill. kr

Felles for alle søknadane må vere at dei er innanfor statstøtteregelverket og at prosjekta vert fullfinansierte. Fylkesrådmannen får i oppgåve å følgje opp søknadane innanfor rammene som er gjeve ovanfor.

- 10 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved bruk av bufferfondet med 5,808 mill. kr  
11 Fylkestinget viser til søknad frå Årdal teknologipark og ber om at denne vert vurdert fram mot 2. tertialrapport.

#### B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2019

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.  
2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 5.

#### C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 7 vert teken til vitande.  
2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 8 vert teken til vitande.

---

### SAK 32/19 Årsmelding skuleåret 2018/2019 Mobbeombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

#### VEDTAK:

Årsmelding for skuleåret 2018/2019 frå mobbeombodet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

---

### SAK 33/19 Årsmelding skuleåret 2018/2019 Elev- og lærlingombodet

#### VEDTAK:

Årsmelding for skuleåret 2018/2019 frå elev- og lærlingombodet vert teken til orientering.

---

**SAK 34/19      Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS**

**VEDTAK:**

Fylkestinget tek orienteringa frå Sogn og Fjordane Energi AS til vitande.

---

**SAK 35/19      Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - fordeling av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS på kommunane**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til dei kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 65 prosent av aksjane vert fordelte etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 35 prosent vert fordelte likt mellom kommunane, jf. vedlegg 5, alternativ 1.

Overføringa til kommunane føreset at

- det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
- styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane
- kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
- aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap.

- 2 Fylkestinget godkjenner vedlagte gåvebrev (1) til kommunane og vedlagde aksjonæravtale (2) mellom fylkeskommunane og kommunane. Fylkestinget sluttar seg vidare til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar sine vedtekter i samsvar med vedlegg 3.

Aksjane til kommunane vert overførte på dei vilkåra som følgjer av desse dokumenta, dvs. vedlegga 1-3.

- 3 Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, får fylkesrådmannen i oppgåve - så snart som mogleg - å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.
- 4 Dersom føresetnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber fylkestinget generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.

-----//-----

Fylkestinget fann samråystes Hilmar Høl inhabil ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2. Håkon Myrvang gjekk inn som varamedlem for Høl, men fekk permisjon før debatten i fylkestinget tok til.

Før debatten orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen og adv. Per Andreas Bjørgan, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-280. Dei svarte også på spørsmål frå representantane i fylkestinget.

### **Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt prinsipalt framlegg:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vidarefører eigarskapen i Sogn og Fjordane Energi som i dag. Eigarskapen vert ein del av Vestland fylkeskommune sin eigarskap frå 01.01.2020.

Avkastning av eigarskapen er viktige inntekter for å sikre tilbod og gode tenester for innbyggjarane i Vestland fylkeskommune i framtida.

**Framstegspartiet** sette fram slikt subsidiært framlegg:

1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 50 prosent av aksjane vert fordelt etter selskapet sin samla aktivitet i kommunane, 25 prosent av aksjane vert fordelt etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 25 prosent vert fordelt likt mellom kommunane.

Fylkesrådmannen vert bedt om å komme tilbake til Fylkestinget med ei utgreiing og eit framlegg på korleis ein kan nyte SFE sin aktivitet i den enkelte kommune som eit fordelingskriterium. Modellen skal ta hensyn til tal tilsette, kraftproduksjon, linjenett og tal nettkundar i den einskilde kommune.

Overføringa til kommunane føreset at

- det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
- styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane
- kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
- aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap.

2. Fylkestinget vil ta endeleg stilling til overføring av aksjane, fordeling og vilkår på neste Fylkesting

3 Dersom føresetnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber fylkestinget generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.

**Fylkesordføraren** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 5:

Dersom Sogn og Fjordane Holding AS og BKK vert samde om ein transaksjonsavtale innan den avtalte fristen 17.06.19, vil fylkestinget i ekstraordinært møte 26.06.19 ta stilling til om fylkeskommunen godkjenner transaksjonen. Fylkestinget sitt vedtak i den føreliggjande saka er såleis gjort med etterhald om at fylkestinget kan kome til å handsame saka på nytt 26.06.19.

### **Avrøysting:**

Det prinsipale framlegget frå Framstegspartiet fekk 2 røyster frå Framstegspartiet. Framlegget vart såleis forkasta.

Det subsidiaære framlegget frå Framstegspartiet vart sett opp mot fylkesutvalet si tilråding. Framlegget frå Framstegspartiet fekk 3 røyster frå Framstegspartiet og Miljøpartiet Dei Grøne og vart såleis forkasta.

Fylkesutvalet si tilråding fekk 27 røyster frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Sosialistisk Venstreparti, og vart såleis vedteken.

Framleggget frå fylkesordføraren om nytt punkt 5 vart deretter samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til dei kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 65 prosent av aksjane vert fordelte etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 35 prosent vert fordelte likt mellom kommunane, jf. vedlegg 5, alternativ 1.

Overføringa til kommunane føreset at

- det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
- styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane
- kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
- aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine datterselskap.

- 2 Fylkestinget godkjenner vedlagte gåvebrev (1) til kommunane og vedlagde aksjonæravtale (2) mellom fylkeskommunane og kommunane. Fylkestinget sluttar seg vidare til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar sine vedtekter i samsvar med vedlegg 3.

Aksjane til kommunane vert overførte på dei vilkåra som følgjer av desse dokumenta, dvs. vedlegga 1-3.

- 3 Dersom føresettnadene i pkt. 1 vert oppfylte, får fylkesrådmannen i oppgåve - så snart som mogleg - å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.
- 4 Dersom føresettnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber fylkestinget generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.
- 5 Dersom Sogn og Fjordane Holding AS og BKK vert samde om ein transaksjonsavtale innan den avtalte fristen 17.06.19, vil fylkestinget i ekstraordinært møte 26.06.19 ta stilling til om fylkeskommunen godkjenner transaksjonen. Fylkestinget sitt vedtak i den føreliggjande saka er såleis gjort med etterhald om at fylkestinget kan kome til å handsame saka på nytt 26.06.19.

---

**SAK 36/19      Saman for ei meir rettferdig nettleige**

**VEDTAK:**

**Fråsegn: Sogn og Fjordane fylkesting krev at det vert utarbeidd ein modell som sikrar utjamning av nettleiga i heile landet.**

Sogn og Fjordane er i landstoppen av kraftproduksjon. Likevel må innbyggjarane i fylket betale betydeleg meir i nettleige for å bruke straumen. Det påverkar familiar, næringsliv og satsinga på viktige klimagrep. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber difor stortingen å følgje opp bestillinga om ei meir rettferdig nettleige.

Familiar flest i Sogn og Fjordane betalar rundt 46 øre per kilowattime medan ein tilsvarande familie på austlandet betalar 26 øre i nettleige per kilowattime. Det gir usosiale utslag, og påverkar kvardagsøkonomien til både unge og eldre, sjølv om ein berre bur like ved kraftstasjonen der straumen blir produsert.

Skeivfordelinga i nettleiga gir vidare utslag for mange verksemder som brukar mykje kraft til drift og produksjon. Som nokre bransjedøme får verft, hotell, bakeri og industri ei «ekstrarekning» på nettleiga som i mange tilfelle blir fleire hundre tusen kroner. Det er midlar som mange av verksemndene heller kunne investere i tilsette, utvikling og verdiskaping.

Fylket vårt kan bidra med fornybar kraft og teknologi. Vi kan investere i ein betydeleg straumproduksjon, og vi kan satse på elektrifisering av transport på sjø- og land. Utfordringa er at dei naudsynte oppgraderingane av linjenettet medfører ei ytterlegare auke i nettleiga til innbyggjarane i kraftområdet. Dette er ikkje rettferdig. Vi vil ta klimaansvar, men vi forventar ei betre fordeling av kostnadane som følger av investeringane i den fornybare infrastrukturen. Denne systemfeilen må vekk.

Den 8. mai la Distriktsenergi fram eit framlegg til ny modell [1] for å få ei meir rettferdig fordeling av nettleiga. Denne modellen vektar effektiviteten i nettselskapa slik at det ikkje vil vere til hinder for fornuftige strukturendringar i kraftbransjen.

Olje- og energidepartementet har i brev datert 28.02.2019 bede Norges vassdrags- og energidirektoratet (NVE) vurdere ulike verkemiddel og tiltak som kan utjamne nettleiga for alle forbrukarar i distribusjonsnettet. Vurderinga skal gje anbefaling på kva tiltak eller verkemiddel som er best eigna. Departementet ber om at NVE sine vurderingar må vere klare 1. oktober 2019.

Fylkestinget krev ein modell som sikrar utjamning av nettleiga i heile landet.

[1] <https://www.distriktsenergi.no/artikler/2019/5/8/distriktsenergi-med-modell-for-likere-nettleie-effektivitetsmodellen/>

---

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 4. og 5. juni 2019 på Scandic Sunnfjord Hotel & Spa, Førde kommune, var slutt kl. 14.40.